



Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1911 - 14/28174

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

17.12.2014

## Høyringsuttale til Regional plan for vassområde Hordaland

Vedlagt følgjer saksutgreiing med uttale frå Lindås kommunestyre.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914  
Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
148/14	Plan- og miljøutvalet	PS	10.12.2014
122/14	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1911

## Høyringsuttale til Regional plan for vassområde Hordaland

### Vedlegg:

Vedlegg A - Overvaking Nordhordland detaljtabellar

VS A\_vedlegg\_-\_Overvaking\_Nordhordland\_detaljtabellar\_0Kagz.xlsx

Vedlegg B - Overvaking Voss-Osterfjorden detaljtabellar

VS B\_vedlegg\_-\_Overvaking\_Voss-Osterfjorden\_detaljtabellar\_Gr5Sd.xlsx

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har mynde for eller sjølv

har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

### **Plan- og miljøutvalet - 148/14**

#### **PM - behandling:**

Arealplanleggjar Christian Reinshol orienterte i saka.

Oversendelsesbrev frå fylkesrådmannen i Rogaland vart utdelt i møte.

#### **Fellesframlegg:**

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde. Lindås kommune meiner framlagt Regional plan for vassområde i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon:

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til Regional plan for vassområdet Hordaland byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune er opptatt av at Hordaland fylkeskommune i den nye saksutgreiinga i regionalplan for vassområdet Hordaland svarer på følgjande:

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom foreslåtte miljømål og foreslåtte tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Hvilke tiltak, temaer og geografiske områder bør prioriteres?
- Er det eksisterende kunnskap og tiltak av betydning, som ikke er beskrevet?
- Er det konsekvenser av planforslaget, som ikke er belyst?

Lindås kommune er uroa for kva konsekvenser ein slik plan kan få for utvikling i regionen.

Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - vedtak:**

**Innstilling i plan- og miljøutvalet - 10.12.2014:**

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde. Lindås kommune meiner framlagt Regional plan for vassområde i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon:

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si mening for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til Regional plan for vassområdet Hordaland byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune er opptatt av at Hordaland fylkeskommune i den nye saksutgreiinga i regionalplan for vassområdet Hordaland svarer på følgjande:

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom foreslåtte miljømål og foreslåtte tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Hvilke tiltak, temaer og geografiske områder bør prioriteres?
- Er det eksisterende kunnskap og tiltak av betydning, som ikke er beskrevet?
- Er det konsekvenser av planforslaget, som ikke er belyst?

Lindås kommune er uroa for kva konsekvenser ein slik plan kan få for utvikling i regionen.

## Kommunestyret - 122/14

### **KO - behandling:**

instillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

Lindås kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde. Lindås kommune meiner framlagt Regional plan for vassområde i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon:

Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil også ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde er heller ikkje vurdert kostnad til.

Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og grad av påverknad, må det sikrast at det vert gjort undersøkingar som slår fast påverkingsgraden frå dei ulike påverkingskjeldene før eventuelle tiltak vert fastslått gjennom planen. Baserer ein seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ønska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ønskt effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.

Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til Regional plan for vassområdet Hordaland byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune er opptatt av at Hordaland fylkeskommune i den nye saksutgreiinga i regionalplan for vassområdet Hordaland svarer på følgende:

- Er det foreslått rett miljømål og tiltak?
- Er det samsvar mellom foreslåtte miljømål og foreslåtte tiltak?
- Er det forslag til andre miljømål eller tiltak?
- Hvilke tiltak, temaer og geografiske områder bør prioriteres?
- Er det eksisterende kunnskap og tiltak av betydning, som ikke er beskrevet?
- Er det konsekvenser av planforslaget, som ikke er belyst?

Lindås kommune er uroa for kva konsekvenser ein slik plan kan få for utvikling i regionen.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**1. Kva saka gjeld:**

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen for Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt.

Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstillt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no) og [www.vannportalen.no](http://www.vannportalen.no) (sjå side 94-115 og 141-163 i dokumentet «Regional plan for vassregion Hordaland» med tiltaka for høvesvis Nordhordland vassområde og Voss-Osterfjorden vassområde):

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651898>

Overvåkingsprogram og tiltaksprogram for vassregionplanen er vedlegg til hovuddokumentet. I tillegg er det utarbeidd egne tiltaksanalysar for Voss-Osterfjorden og Nordhordland vassområde.

Høyringsfrist er 31.12 2014. Endelig framlegg til plan blir utarbeidd av vassregionmynde som er fylkeskommunen i samarbeid med vassregionutvalet. Slutthandsaming av planen skjer i dei respektive fylkeskommunane våren 2015. Vedteken regional plan vert sendt over til sentral godkjenning ved Kongen i statsråd innan 1. juli 2015.


Planen gjev regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene ikkje vert følgt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.

Den regionale planen fastset miljøkvalitetsnormer for elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla vert fastsett i tråd med §§ 4-6 i vassforskrifta og unntak vert fastsett etter §§ 8-11. Den regionale planen legg føringar for når ein skal ha nådd miljømåla, høvesvis innanfor planperioden 2016-2021 eller utsett til seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033).

Tiltaka skal være operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt og det er dei ulike sektormyndene som er ansvarleg for oppfølginga av tiltaka.

## 2. Bakgrunn

I 2007 vedtok Stortinget Forskrift om rammer for vassforvaltninga (*vassforskrifta*), som implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Føremålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilskapleg forvaltning og bærekraftig bruk av våre vassressursar. Forskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, med sikte på å oppfylle miljømåla. Samstundes skal vassforskrifta syte for at ein sikrar seg naudsynt kunnskapsgrunnlag for å kunne gjennomføre dette arbeidet. Ein skal karakterisere alle vassførekomstar før ein startar på undersøkingar og overvaking som gir grunnlag for tiltaksplanar. Vasskvalitet er stikkordet for alt arbeid, og målet er å oppnå minimum god økologisk og kjemisk tilstand - i utgangspunktet i alle vassførekomstar.



Figur 1. Miljømålet for alt vann er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.

## 3. Organisering av arbeidet etter vassforskrifta:

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Noreg er delt inn i vassregionar. Vår kommune



er med i vassregion Hordaland og vassregion Sogn og Fjordane og vassområda Voss-Osterfjorden, Nordhordland og Ytre Sogn (kun mindre areal i Lindås kommune er del av Ytre Sogn vassområde).

#### Organisering av vassområdet

Arbeidet etter vassforskrifta vil krevje eit stort engasjement frå kommunane og staten, også etter at vassforvaltnings- og tiltaksplaner er vedtekne. Vassområdeutvalet skal sikre eigarkommunane sin medverknad og forplikting, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet mot god kjemisk og økologisk vasskvalitet. Vassområdeutvalet skal også koordinere det vidare tiltaksarbeidet og være ein arena for kompetanse, erfaring og samhandling.

#### Korleis planen vil påvirke kommunen

- Som mynde, til dømes for pålegg knytt til spreidd avløp i tråd med forureiningslova. Dette krev lokalpolitiske prosessar rundt vedtak og gjennomføring, ikkje minst fordi dette i hovudsak er private anlegg som ikkje er gebyrfinansiert.
- Som tenesteproducent, til dømes innanfor VA, landbruk, kraftproducent eller hamneeigar. Dette er område som kan påvirke om ein når miljømål, og som kan få ansvar for gjennomføring av tiltak. Ei utfordring er at manglande kunnskapsgrunnlag vil kunne medføre pålegg om kostnadskrevjande tiltak utan sikker effekt.
- Som samfunnsutviklar, til dømes i samband med å sikre balanse mellom miljømål og gode rammevilkår for næring (kraftproduksjon, fiskeri, industri). Mål og ambisjonar må balanserast opp mot kostnader og nytte ved tiltaka.

#### Forankring av planar i kommunen

Vedtekne forvaltningsplanar med tiltaksprogram må innarbeidast i den enkelte kommune sine planar; kommuneplan, kommunedelplanar og handlingsplanar/ sektorplanar.

Så langt har Lindås kommune ikkje betalt nokon kostnader knytt til å utarbeida lokale tiltaksanalyser. Hordaland fylkeskommune har dekkja dette gjennom eigne og statlege midlar.

I tillegg er det i forslaga til forvaltningsplaner primært definert tiltak som fell inn under kommunen sitt sektoransvar. Det manglar informasjon og tiltaksforslag frå mange andre sektorar. Det kan derfor vera fristande å gripe fatt i dei tiltak som allereie er foreslått – kor kommunane har ansvaret for dei fleste. Det vert då ein risiko for at dei endelege tiltaksplanane ikkje er prioritert etter eit kost-nytte-prinsipp, men at tiltaka med mest presise kostnadsvurderingar vert valt.

Om ikkje sektorinteresser som landbruk, fisk, veg og energiproduksjon blir med som fullbyrdege påverkarar i forvaltningsplan m/tiltaksprogram – og der tiltak vert prioritert ut i frå gode kost/nytte-berekingar – blir det ingen heilskapleg vassforvaltning. Miljømål vil da bli innfridd på ein svært kostnadskrevjande måte, og det vil ikkje være mogleg å innfri alle mål.

### **5. Vurdering av framlegg til tiltak i Lindås kommune:**

Lindås kommune er del av to vassområde i Hordaland. Det er i Nordhordland vassområde føreslått til saman 20 tiltak i vassførekomstar der kommunen har mynde eller ansvar. I tillegg kjem tiltak der andre mynde har ansvar. I Voss – Osterfjorden vassområde er det føreslått til

saman 13 tiltak i vassførekomstar der kommunen har mynde eller ansvar. I tillegg kjem tiltak der andre mynde har ansvar. Det er i første rekke innanfor diffuse utslepp frå spreidde avlaup og landbruk kommunen har mynde og ansvar for tiltaka som er føreslått i vassområda.

For Lindås kommune er det for landbrukssektoren først og fremst informasjonstiltak som er føreslått for å avgrense ureining av vatn, vassdrag og kystvatn. Det er avgrensa kunnskapsgrunnlag om årsaker til ureining av dei ulike vassførekomstane som ligg til grunn for at det ikkje er føreslått andre tiltak frå kommunen si side. I tillegg er det avgrensa ressursar til å følgje opp eventuelle andre tiltak. I den komande planperioden vil det vere nyttig å overvake vassførekomstane som er i risiko og kartlegge i kva grad utslepp frå landbruket faktisk påverkar vassførekomstane.

For Lindås kommune er det for vatn- og avlaupssektoren føreslått tiltak som sanering av gamle anlegg, tilsyn og kontroll med små avlaupsanlegg, etablering av lokal forskrift knytt til avlaup og reinseanlegg med strenge funksjonskrav – reinseklasse A. Det er også føreslått forlenging av avlaupsleidningar enkelte stader. Tiltaka som er føreslått er svært generelle, samstundes som dei bind kommunen og private eigarar av avlaupsanlegg til at gamle anlegg skal sanerast og reinseanlegg etablerast. Det er eit avgrensa kunnskapsgrunnlag som ligg bak desse vurderingane av tiltak, og dei enkelte vassførekomstane som er sett i risiko for å ikkje nå miljømåla er store i avgrensing. Dette fører med seg at dei føreslåtte tiltaka vil kunne gjelde for større område enn det som er naudsynt og i neste omgang kan påføre kostnader til tiltak som elles ikkje er naudsynte.

Det er heller ikkje gjort noko vurdering av potensielle kostnader knytt til tiltaka, då ein ikkje har hatt tilstrekkeleg kunnskap om påverknad, miljøtilstand og konkrete tiltak til å kunne gjere ei kostnadsberekning. Det blir sett til sektormynde (for Lindås kommune privat avlaup, kommunalt avlaup og landbruk) å ta den endelege avgjerda knytt til korleis dei endelege tiltaka skal gjennomførast og å gjere kost-nytte vurdering knytt til dei enkelte tiltaka. Sektormynde må likevel informere vassregionmyndet om ein avviker frå tiltaka som er sett i planen. Administrasjonen meiner at ein for dei enkelte vassførekomstane som er i risiko må utarbeide eit betre kunnskapsgrunnlag for kva som er status for førekomsten og i kva grad førekomsten faktisk vert påverka av avrenning frå til dømes spreidde avlaup før ein tek ei vurdering av kva tiltak ein skal gå inn med. Her vil ein også ha moglegheit til å kople ei vurdering av nytteeffekten av tiltaket til kostnaden, slik at ein kan ta ei kvalifisert vurdering av om det er hensiktsmessig å gjennomføre dei skisserte tiltaka.

Ei presisering av tiltaksanalysen som ikkje bind dei ulike sektormyndene til tiltak basert på generelle og svake kunnskapsgrunnlag vil vere ei føremon for det vidare arbeidet med å sikre god vasskvalitet i kommunen. Samstundes unngår ein at ein bruker tid og ressursar på tiltak som ikkje gir den ønskede effekten på vassførekomsten.

Det må også peikast på at dei ulike vassførekomstane dekker til dels store geografiske

område og at tiltaka som er føreslått gjerne ikkje er naudsynte for heile området som er dekkja av førekomsten. Til dømes kan det vere at det er naudsynt med sanering av avlaup i tilknytning til enkeltbekkar eller ei mindre samling med bekkar, medan det for resten av området ikkje er naudsynt med tiltak. Slik administrasjonen ser det fangar ikkje planane og tiltaka opp desse nyansane og det må sikrast at ein får bygd opp kunnskapsgrunnlaget for dei enkelte vassførekomstane før ein set fast tiltak som dekker heile førekomsten. Alternativt bør det omtalast tydelegare i planmaterialet at det er ei grovkartlegging av førekomstane som ligg til grunn og at det må gjerast meir spesifikke vurderingar før dei skisserte tiltaka vert sett i verk.

Sjå denne linken for å lesa meir om detaljtabeller overvåking Voss-Osterfjorden og Nordhordland.

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651883>